

Hordaland Nei til EU

Framlegg til arbeidsplan for mars 2026 til mars 2027

Bakgrunn

Å bu seg på ein ny EU-strid og å vinna i ein slik strid om situasjonen vert aktuell, er det fremste siktemålet for arbeidsplanen. Då må organisasjonen på førehand stå best mogeleg rusta med medlemmer, kunnskap og økonomi.

Eit nytt oppgjer om EU-medlemskap vil først koma om meningsmålingar syner at folkemeininga snur dramatisk til ja-sida. Samfunnstoppar i akademia, næringsliv, media og andre tilhengjarar av EU, set si lit til at skifte i internasjonale omstende og ein oppjaga stemning, vil hjelpa dei over kneiken. For å møte dette må NtEU vera prega av truverdig, fornuftig argumentasjon, slik tilfellet var i 1972 og 1994, og motstå at panikk får overtaket i debatten,

NtEU har, saman med parti og organisasjonar, ansvar for å nå fram til folk med argument for at det er best for Noreg å stå utanfor EU. NtEU har eit særleg ansvar for å halda oppe og skjerpe motstanden mot EØS. Hordaland NtEU vil arbeida aktivt for å spreia kunnskap om kvifor det er naudsynleg å erstatta EØS-avtalen med ein normal handelsavtale. Det viktige her er å syna konsekvensane avtalen har på demokrat og suverenitet og å få fram korleis argumentasjonen frå ja-sida ikkje held mål.

På initiativ frå Hordaland NtEU er det starta opp ein gjennomgang av organisasjonen NtEU. I dette arbeidet vil me bidra positivt med innspel og deltaking.

Aktivt opplysningsarbeid.

Hordaland NTEU fylgjer opp arbeidsplanen som er vedteken av landsmøtet i organisasjonen. Vårt fylkeslag vil arbeide for ein skarpare profil på desse saksområda:

- I diskusjonen om tryggingspolitikk må NtEU aktivt få fram at EU-medlemskap ikkje er eit tryggingspolitisk alternativ for Noreg korkje på kort eller lang sikt.
- Opplysningsarbeidet om EØS må byggja på meir kjennskap om korleis avtalen mellom EU og Storbritannia går seg til. Også handelsavtalen mellom Noreg og UK må takast fram i argumentasjonen.
- NtEU må slå tilbake argumentet om at tap av folkestyre og sjølvråderett som fylgje av EØS-avtalen kan vinnast tilbake ved å gå inn i EU. Og få fram tapet blir større ved eit EU-medlemskap.

- NtEU må halde fram med sin kritikk av og motstand mot EU-direktiv og forordningar som fylgjer av EØS-avtalen. Særleg må det leggjast vekt på nasjonal kontroll og styring over norske naturressursar som t.d. vår klimanøytrale vasskraft.
- NtEU må få fram kunnskap om skilnaden mellom vedtaksprosessar i Brüssel og i det norske folkestyret.
- Europeisk perspektiv: NtEU bør engasjere seg meir i ein debatt om kva som er best politikk for Europa. I lys av stigande problem for EU, økonomisk og politisk, og at europeiske land utanfor EU kjem betre ut på viktige område, bør idylliseringa av EU i norske media motverkast. Parolen «Ja til samarbeid, nei til union» bør hevdast både i eit europeisk og norsk perspektiv. Nordisk samarbeid bør takast fram i debatten som modell for europeisk samarbeid.

Arbeidsoppgåver.

I arbeidsplanen for neste år vil Hordaland NtEU setja desse arbeidsoppgåvene fremst:

- Å sørgje for at Hordaland NtEU er ei tydeleg røyst i fylkessamlingar, rådsmøte og landsmøte, jfr.føregåande avsnitt om tema i opplysningsarbeid.
- Å arbeide for stadig god kultur i organisasjonen med respekt for vedtekter og sikker økonomistyring.
- Å auke medlemstalet.
- Å ta initiativ til større kontakt og samarbeid med Ungdom mot EU. Hovedsak: rekruttering av fleire skribentar og debattantar.
- Å arbeide for eit større nettverk av lokallag og kontaktpersonar i fylket, m.a. skipa fleire lokallag der det er ønskje om det lokalt.
- Å ta aktivt del i fylkesnettverket.
- Å auke tilfanget av kunnskap i NtEU ved seminar og studiearbeid om alle viktige tema i debatten om EU og EØS, inkludert debattar i vidaregåande skular.
- Å gjennomføre ein studietur til Brüssel.
- Å nå betre ut til ålmenta gjennom tradisjonelle og sosiale media.
- Å ta initiativ til møte med politiske parti og organisasjonar for å fremje eit større innslag av NtEU-tema på saklister, i program og i media.
- Å ta del i informasjonskampanjar ved å stå på stand, dele ut materiell og markere fylkeslaget på alle aktuelle arrangement.